



Romsdalshalvøya Interkommunale Renovasjonsselskap
Årøseterv. 56
6422 MOLDE

Revisjonsrapport – 2013.005.R.FMMR

Revisjon hos RIR Årødalen avfallsdeponi

Dato for revisjonen: 03.12.13 og 05.12.13. Sluttmøtet var 13.12.13.

Kontaktpersoner ved revisjonen

Frå verksemda:

Jan- Egil Korseberg

Frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal:

Anne Melbø

Resultat frå revisjonen

Denne rapporten omhandlar dei avvik og merknader som vart funne innan dei reviderte områda av det systematiske helse, miljø og sikkerhetsarbeidet (HMS) i verksemda. Desse vart presentert på sluttmøte hos verksemda 13.12.13.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal avdekkja **5** avvik og **4** merknader under revisjonen.

Avvika omhandlar:

- Mottakskontrollen av avfall til deponi er mangelfull
- Celleinndeling, komprimering og tildekking på deponi blir ikkje gjort i samsvar med utsleppsløya. Handtering av asbest er ikkje tilfredstillande
- Lagring, omlasting og sortering av næringsavfall skjer ikkje under tak
- Verksemda si internkontroll er mangelfull når det gjeld risikovurderingar, handlingsplaner og involvering av dei tilsette
- Gjenpart av deklarasjonsskjema for farleg avfall blir ikkje sendt til NORSAS.

Desse er nærmare omtala frå side 5 og utover i rapporten.

For at Fylkesmannen i Møre og Romsdal skal kunne avslutte saken, må verksemda sende dokumentasjon på at avvika er retta innan 15.03.14. Oppfølging etter revisjonen er nærmare beskrive på side 4.

Vi vil til slutt nytte høvet til å takke for god mottaking og godt samarbeid under revisjonen.

Med helsing

Linda Aaram (e.f.)
Ass. miljøverndirektør

Anne Grete Kleven

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi:
Molde kommune Rådhusplassen 1 6413 Molde

1. Informasjon om verksemda

Organisasjonsnr (undereining): 976675274	Eies av: 971042656
Besøksadresse: Årøsetervegen 56	Telefon: 71213450
Bransjenr. (NACE-kode):	E-post: rir@rir.no

Kontrollert anlegg

Namn: Årødalen avfallsdeponi	Anleggsnr.: 1502.0045.01
Kommune: Molde	Anleggsaktivitet: Deponering
Fylke: Møre og Romsdal	Risikoklasse: 2
Løyve gitt: 29.07.10	

2. Revisjonens omfang

Rapporten er utarbeida etter ein revisjon ved RIR Årødalen avfallsdeponi i perioden 03.12.13 og 05.12.13. Sluttmøte vart haldt 13.12.13. Revisjonen er ein del av Fylkesmannen i Møre og Romsdal sin planlagde revisjonsverksemd for året.

Formålet med revisjonen var å vurdere om det systematiske helse-, miljø- og sikkerhetsarbeidet fungerer tilfredsstillande, og om verksemda har ein tilfredsstillande styring med aktivitetar som er viktige for det ytre miljø. Fylkesmannen i Møre og Romsdal har blant anna undersøkt om:

- Verksemda sitt system for internkontroll er formålstenleg og presis
- Aktivitetar vert gjennomført slik som verksemda seier (både skriftleg og munnleg)
- Verksemda når sine mål og driv innanfor eigne rammer og rammer som styresmaktene har sett

Revisjonen vart gjennomført ved:

- Gransking av dokument
- Intervju av sentralt plasserte personar i organisasjonen
- Synfaring
- Verifisering (ved stikkprøvekontroll) at rutinar, prosedyrar og instruksar blir følgt opp i praksis

Hovudtema for kontrollen var:

- Internkontroll
- Risikovurdering
- Mottakskontroll
- Drift
- Farleg avfall/ avfallshandtering
- Utleppskontroll

Vi vil gjere merksam på at ikkje *alle* sider av verksemda som kan ha noko seie for ytre miljø, vart granska ved kontrollen. Verksemda må sjølv aktivt utøve internkontroll, avdekkje feil og manglar og setje i verk nødvendige tiltak. Denne rapporten omhandlar avvik som vart funne under revisjonen og gir inga fullstendig tilstandsvurdering av verksemda sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

Definisjonar

Avvik: Overtrede av krav fastsatt i helse-, miljø- og sikkerhetslovgivinga (til dømes krav i forureiningslova, forskrift heimla i forureiningslova, internkontrollforskrifta eller krav og vilkår fastsatt i utsleppsløyve eller dispensasjonar, samt verksemda sine egne rutinar for å oppfylle styresmaktene sine krav)

Merknad: Eit forhold som ikkje blir omfatta av definisjonen på avvik, men som tilsynsetatane meiner det er rett å påpeike då det har eller kan ha noko å seie for å ta vare på det ytre miljø.

3. Oppfølging etter revisjonen

Verksemda pliktar snarast å rette opp dei avvik som vart funne. For at Fylkesmannen i Møre og Romsdal skal kunne avslutte saka, må verksemda sende oss dokumentasjon på at avvika er retta innan **15.03.14**.

Vi ber dykk om å stile svarbrevet, eller e-post (postmottak@fmmr.no), til Fylkesmannen i Møre og Romsdal merka med saksnummer.

4. Gebyr for revisjonen

Verksemda er ved denne revisjonen plassert i gebyrsats 4, jf. førehandsvarsel i brev datert 29.09.13. Dette vil seie at verksemda må betale kr. 45.100- i gebyr for den gjennomførte kontrollen.

Faktura blir sendt frå Miljødirektoratet. Vedtaket om gebyr er gjort med heimel i § 39-8 i forureiningsforskrifta.

Vedtaket kan påklagast til Miljødirektoratet jf. § 28 i forvaltningslova. Klagefristen er 3 veker. Eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og den skal sendast via fylkesmannen som vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til klageorganet for endeleg vedtak. Ein eventuell klage vil ikkje få oppsetjande verknad, og det gebyret som er fastsett ovafor må betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følgje, blir for mykje innbetalt beløp refundert. Faktura med innbetalingsblankett vert sendt ut frå Miljødirektoratet. Gebyret må betalast innan 30 dagar etter fakturadato.

5. Offentligheit i forvaltninga

Denne rapporten vil være tilgjengjeleg for offentligheita via postjournal til Fylkesmannen i Møre og Romsdal (jf. offentlighetslova).

Kopi av rapporten sendes også til:

- Molde kommune

6. Funn

Avvik

Vi fant følgjande avvik under revisjonen:

Avvik 1

Mottakskontrollen av avfall til deponi er mangelfull.

Avvik frå:

- *Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta) av 01.juni 2004, § 9-11, jf vedlegg II*
- Vilkår 2.5 i utseppsløyvet etter forureiningslova, frå 29.07.10

Kommentar:

Mottakskontrollen på anlegget består i at alt restavfall som går til deponi tippast på ei plate og kontrollerast visuelt før deponering. Samstundes kvitterast det for at innhaldet stemmer med basiskarakteriseringa. Andre typar avfall enn restavfall (t.d. oske og støypesand) til deponiet gjennomgår ikkje ein systematisk mottakskontroll, men det vert utført ei vurdering av om avfall kan tas i mot eller ei når kundar kontaktar deponiet. Det må etablerast skriftlege rutinar som inneheld mottakskriterier for å avgjøre om avfall kan deponerast, samt skriftlege rutinar for å sjekke at basiskarakteriseringa av avfall er tilstrekkeleg utført.

I følgje rutinane til avfallsdeponiet skal kvart 100 lass bli stikkprøvekontrollert, i samsvar med gjeldande regelverk. Denne rutinen blir ikkje etterlevd. Stikkprøvekontrollen skal omfatte alle typar avfall som går til deponi, ikkje berre restavfall. Stikkprøvekontrollen skal omfatte uttak av prøver og analysering for avfall der dette er relevant.

Alt avfall som skal på deponi må basiskarakteriserast. Det er avfallsprodusent som er ansvarleg for basiskarakteriseringa, men deponiet plikter å foreta ein kontroll av at dette er gjort og at avfallets oppfyller krav til kva som kan deponerast. Til dømes støypesand og oske frå forbrenningsanlegg er tatt i mot utan tilstrekkeleg basiskarakterisering.

Mottakskontrollen må omfatte kontroll av basiskarakterisering.

Under revisjonen vart det funne deklarasjonsskjema på motteke golvbelegg med ftalater (datert 14.11.13) som har vorte deponert. Golvbelegget var definert som farleg avfall som Årødalen avfallsdeponi ikkje har løyve til å leggje på deponi. Mottakskontrollen skal hindre at dette kan skje.

Avvik 2

Celleinndeling, komprimering og tildekking av avfall på deponi blir ikkje gjort i samsvar med utsleppsløyva. Handtering av asbest er ikkje tilfredsstillande.

Avvik frå:

- *Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskriften) av 01.juni 2004, vedlegg II pkt 2.3.3 til kapittel 9.*
- Vilkår 2.4 og 2.6 i utsleppsløyvet etter forureiningslova

Kommentar:

I følge utsleppsløyva skal deponert avfall komprimeras kvar dag og dekkast til minimum kvar veke. Avfallet skal deponerast i celler og på ein slik måte at det areal som er i bruk blir så lite som mogleg. Kvar celle skal avsluttas og dekkast til før ei ny celle startast opp. Dette vert ikkje gjort i dag. Avfallsmengda til deponi har gått betydeleg ned dei siste åra. Det blei stilt spørsmål til om krava i løyvet er hensiktsmessig for type og mengde avfall som leggst på deponi i dag. Det må søkast om endring av utsleppsløyve dersom en ynskjer å endre på dette vilkåret.

Celle for asbest er ikkje godt nok merka av på kart. Det må utarbeidast eit meir nøyaktig kart for denne cella. Tidlegare deponert asbest må òg merkast på kart. Ute på deponiet er òg grensa for cella utglidande, og det er ikkje noko tryggleikssone mellom celle for asbest og resten av avfallet.

På tilsynsdagen stod det asbest ved deponeringstippen. Det vart opplyst at det hadde stått der nokre dagar. I følge utsleppsløye skal mottatt asbestavfall med ein gong etter kontroll deponeras og dekkast til med hensiktsmessig materiale. Ved deponikanten var det også bitar av asbest.

Avvik 3

Lagring, omlasting og sortering av næringsavfall skjer ikkje på område under tak.

Avvik frå:

- Vilkår 3.1 i utsleppsløyvet etter forureiningslova

Kommentar:

All lagring, sortering og omlasting av avfall skal skje under tak på tett flate med fall til sluk. Med unntak av flishogging og mellomlagring av trevirke og flis skal all handsaming og lagring av avfall skje under tak. Under tilsynsdagen var det også mykje flygeavfall på området. Det var meir flygeavfall en vanleg på grunn av mykje sterk vind i dagane før.

Avvik 4

Verksemnda si internkontroll er mangelfull når det gjeld risikovurderingar, handlingsplaner og involvering av dei tilsette

Avvik frå:

- *Forskrift om systematisk helse, miljø og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften) av 06. desember 1996 § 5, 2. ledd pkt. 3 og 6.*
- Vilkår 1.4 i utsløppsløyvet etter forureiningslova

Kommentar:

Verksemnda kunne ikkje leggje fram ein heilskapleg risikovurdering med påfølgjande handlingsplan med risikoreduserande tiltak. Det er utført ei overordna analyse der ulike miljøaspekt er rangert i forhold til risiko, men det er ikkje gjort ei risikovurdering der uakseptabel risiko er identifisert med tilhørande handlingsplan med risikoreduserande tiltak.

Det var relativt vanskeleg å finne fram i systemet. Det virka ikkje som internkontrollen var godt nok implementert i organisasjonen, og tilsette var mindre involvert i arbeidet for å lage eit nytt og betre system. Rutinar for handtering av avfall var vanskeleg tilgjengeleg, og rutinane var ikkje oppdatert med endringar. Til dømes er avfallsfraksjonar som verksemnda ikkje lenge tek imot fortsatt omtalt i dokument AB-03 «sjekklister for behandling av avfall».

Verksemnda har eit avvikssystem, men systemet kan i større utstrekning bli brukt av dei tilsette for å forbetre rutinar og slik unngå gjentekne uheldige hendingar.

Avvik 5

Gjenpart frå deklarasjonsskjema for farleg avfall blir ikkje sendt inn til NORSAS.

Avvik frå:

- *Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskriften) av 01.juni 2004, § 11- 13.*

Kommentar:

Den som først mottar deklareringspliktig farlig avfall, skal seinast innan den 15. i etterfølgjande månad sende rosa gjenpart av utfylt deklarasjonsskjema til NORSAS. Ved RIR er det Norsk Gjenvinning som tar seg av det meste av farleg avfall. Dette gjeld ikkje for asbest som leverast direkte til deponi. Verksemnda har tatt vare på deklarasjonsskjema som kjem inn med asbesten, men har ikkje sendt inn gjenpart til Miljødirektoratet via NORSAS.

*Merknader***Merknad 1**

Det er etablert miljømål hjå verksemda, men dei er ikkje målsatt og det er difor vanskeleg å avgjere når måla er nådd.

Merknad 2

Verksemda har plikt til å ta i mot farleg avfall vederlagsfritt opp til 400 kg per avfallsbesitter (private hushald). Dette gjeld også for asbest og impregnert trevirke som er klassifisert som farleg avfall. Informasjon til kundar (private) om at det er gratis bør bli betre.

Merknad 3

Berekna reinsegrad for heile sigevatnet må inn i årsrapporteringa via AltInn, ikkje berre for den delen av sigevatnet som er reinsa. Dette bør også inn i den årlege samanstillinga og vurderinga av utslepp frå verksemda. Det bør også gjerast ei vurdering i forhold til driftstans ved reinseanlegget.

Merknad 4

Det er rapportert høgare verdiar på reinsa sigevann enn på ureinsa for nokon parameter. Under revisjonen vart det forklart at dette truleg skuldast feil under uttak av prøvar. I eit fungerande internkontrollsystem skulle dette vore oppdaga og avviksregistrert. Verksemda har eit stort forbettringspotensial når det gjeld å implementere sigevatn i internkontrollsystemet.

7. Andre forhold

Verksemda viste god haldning og handlingsvilje i når det gjeld å endre rutinar for å rette opp avvik. Verksemda har veldig bra overvaking av utslepp frå deponiet, men overvakinga kan forankrast betre i internkontrollsystemet.

Under revisjonen kom det fram at det har vore driftsstopp i reinseanlegget sidan veke 46. Deponigassanlegget har vore ute av drift sidan veke 41. Reparasjon av begge anlegga forventas ferdig i veke 2 i 2014. Det vart skreve melding til Fylkesmannen om forholda 03.12.2013. I følgje utsleppsløyve skal slike forhold rapporterst til Fylkesmannen.

8. Gjennomføring

Revisjonen omfatta følgjande aktivitetar:

- Verksemda vart varsla om revisjonen per brev datert 29.09.13
- Opningsmøte 03.12.13: Forberedande møte for å planlegge revisjonen inkludert synfaring. Orientering om revisjonen, sentrale omgrep vart definert. Omfang og gjennomføring av revisjonen vart gjennomgått. 5 personar deltok på opningsmøte
- Intervju 05.12.2013: 7 personar vart intervjuet.
- Avsluttande møte 13.12.2013: Avvik og merknader vart gjennomgått. Oppsummering med presentasjon av resultat. 4 personar deltok på sluttmøte.

I vedlegg 1 er det gjeve ein oversikt over deltakarane ved revisjonen.

9. Dokumentunderlag

Dokumentunderlaget for kontrollen var:

- Aktuelle lovar og forskrifter
- Utsleppsløyve frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 29.07.10.
- Korrespondanse mellom verksemda og Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- Verksemda sin eigen dokumentasjon knytt til den daglege drifta og til forhold som har noko å seie for helse/miljø/sikkerhet

I vedlegg 2 har vi satt opp ei liste over dokumentar som var spesielt viktige som dokumentunderlag for revisjonen.

Vedlegg 1

**Deltakere ved Fylkesmannen i Møre og Romsdal sin revisjon ved RIR
Årødalen avfallsdeponi 03.12.13, 05.12.13 og 13.12.13**

Namn	Funksjon	Opningsmøte	Synfaring	Intervju	Sluttmøte
Leif Roaldseth	Driftssjef	X	X	X	X
Jan – Egil Korseberg	Daglig leder	X		X	X
Jonas Wilkens	Arbeidsformann	X	X	X	X
Berit Øren	Plan – og markedsjef/	X		X	X
Linda Eikrem	Kundemottaker	X		X	
Einar Kvalvåg	Fagarbeider, ansv. miljøstasjonen			X	
Thomas Hagen	Frå Molde kommune			X	

Fylkesmannen sin revisjonsgruppe: Anne Melbø og Anne Grete Kleven

Vedlegg 2

Dokumentgrunnlag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal sin revisjon ved RIR Årødalen avfallsdeponi 03.12.13, 05.12.13 og 13.12.13

Nedanfor har vi satt opp ei liste over dokument som var særleg viktig for gjennomføringa av revisjonen:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (Forurensningsloven) av 13.mars 1981 med forskrifter
- Forskrift om systematisk helse, - miljø – og sikkerhetsarbeid i virksomheter (Internkontrollforskriften) av 6.desember 1996
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (Avfallsforskriften) av 01.juni 2004, kap 9 og 11
- Utsleppstillatelse etter forurensningsloven til Romsdalshalvøya Interkommunale Renovasjonsselskap (RIR) for mottak og behandling av avfall på Årødalen avfallsdeponi i Molde datert 29.07.2010
- Eigenrapportar frå RIR Årødalen avfallsdeponi
- Kontrollrapportar frå tilsyn av Fylkesmannen i Møre og Romsdal i 2007 og 2009
- Dokumentasjon på oljeutskillar
- Miljørapport 2012 –RIR sitt deponi i Årødalen frå Asplan Viak datert 15.05.2012. (rapport som gjaldt for 2011)
- Miljørapport 2013 – Resultat frå analyser i 2012 med 5-årig tillegg frå Asplan Viak datert 18.07.2013. (rapport som gjaldt for 2012)
- Revidert overvåkningsprogram for sigevann datert 19.03.12 frå Asplan Viak
- Årsmelding og rekneskap for 2012
- Miljø og kvalitetssystem som då blant anna inneheld:
 - Oversyn over organisasjon; ansvarstilhøve, oppgåver og myndigheit
 - Avviksrapportar frå 2012 – 2013
 - Sjekkliste for behandling av avfall (2012)
 - Driftsinstruks RIR miljøstasjon (2004)
 - Handlingsplan for miljøaspekter og miljømål 2013 – 2014
 - Miljø – og kvalitetsmål RIR (2010)
 - Miljø og kvalitetsbok (oppdatert 2013)
 - Ledelsens handlingsprogram (2009)
 - Journal over avfallshandtering (2013)
 - Miljøaspekter - vurdering (2013)